

lige å legge forholdene til rette for utnyttelse av våre myrer. Myrfeltene ligger der og innbyr til å bli tatt i bruk. Disse arealer kan i mange tilfeller benyttes som tilskuddsjord til tidligere bruk. Myrarealene kan også være grunnlag for nye jordbruksenheter. Det er som oftest store felter det dreier seg om, og feltene er flate og på mange måter egnet for maskindrift. Myrarealer som i dag ligger der så godt som uproduktive, kan gi grunnlag for å gjenvinne mest mulig av det som går tapt av pr duktivt areal for vårt landbruk.

LITT OM SAMISK REINDRIFT

Av beitekonsulent for Nord-Norge, Erling Lyftingsmo.

Samisk reindrift har vi i vårt land fra Finnmark i nord til Femundstraktene i sør. Ordninga av reindrifta er fastlagt i Lov om reindriften av 12. mai 1933.

I det her nemnde område har samane særrett til å drive med tamrein. Områda er inndelt i reinbeitedistrikt. Kongen fastset kor mange distrikt det skal vera, grenser og namn.

Samisk reindrift er administrert av reindriftskontoret i Landbruksdepartementet. I kvart fylke er det ein lappefogd, underlagt fylkesmannen. Ny lov om reindrift er i emning.

Ved sida av lova om reindrift gjeld dei reglane som er fastsett i konvensjonen av 1919 mellom Norge og Sverige angående flyttrapenes adgang til reinbeiting. I Troms — Nordland — og litt av Nord-Trøndelag fylke har svenske flyttsamar høve til å søke sommarbeite for eit visst høgste tal rein. Norske flyttsamar kan tilsvarende søke vinterbeite i Sverige.

For å få litt bakgrunn skal ein kort nemne noen historiske data. Alt i vikingetida var det rike og mektige hovdingar på Hålogaland. Dei dreiv stor handel med utlandet, og viktigaste vara var skinn og pelsverk, som finnane skaffa, dels som skatt og dels ved byte mot pengar eller varer.

Makt var rett den tida, og den sterkeste hovdingen tok mest for seg både av skatt og handel, det som vart kalla *finneskatten*. Den som hadde retten til å kreve skatten hadde og hand om handelen. Og det var vel handelen som gav mest.

Harald Hårfagre tok finneskatten fra dei håloyske hovdingane. Frå nå vart dei skattekrevarar for kongen. At det skapte mykje strid og dramatiske hendingar mellom kongen og hovdingane, og hovdingane seg i mellom, les vi om i Snorre og Egilssoga.

Ein av dei mest namngjetne hovdingane var Torolv Kveldulvson. Han var hirdmann hos Harald Hårfagre, og hadde finneskatten, som gav stor rikdom både til kongen og hovdingen. Men kongen meinte

han fekk for lite på sin part, og det enda med open strid. Harald kom uventa til Sandnes, der Torolv budde, og brente han inne.

Striden mellom Olav Haraldson og Tore Hund hadde vel og opphavet sitt i finneskatten. Det same kan ein seie om usemjene og krigane mellom svenskekongane og norskekongane seinare. Det var verdifullt skatteland.

Nordmennene var busett ute ved kysten. I det indre av landet og lengst i nord, i Troms og Finnmark budde finnane, eller samane som det heiter nå. Samane levde av jakt, fangst og fiske. Og det var rikeleg av vilt både til mat og til pelsverk. Viktigaste matviltet var reinen, og veidefolket følgde reinen på det årvisse trekket mellom kystfjella og innlandet.

Veidefolket hadde og ein del tam rein som dei nyttar til kjøring, som mjølkedyr og som lokkedyr ved jakt på villrein.

Den eldste skriftlege kjelde om tamrein er den forteljinga som hāløyghovdingen Ottar gav til kong Alfred i England på 900-talet. Ottar sa om seg sjøl at han budde lengst nord av alle nordmenn. Historikarane meiner han budde i Lenvik sør for Malangen. Nord for der var Finnmark, og der budde samane, som svara skatt til Ottar. Ottar fortel at han åtte 600 tamrein. Men det er truleg at det var samane som hadde desse dyra.

Frå først av var tamreindrifta støttenærings til jakt, fangst og fiske. Det var ei vidare utvikling av fangst- og veidekulturen. Etter kvart minka det med villrein og pelsdyr. Det var da naturleg at samane la seg meir etter å halde tamrein, men det er først rundt år 1600 at nomadiserande tamreindrift har fått si faste form. Jakt på villrein hadde likevel mykje å seia like opp til nyare tid. Så seit som i 1802 gjorde samane i Varanger jakt på villrein i parti på 8—10 mann (Vorren). Men det vart snart heilt slutt på villrein i Finnmark.

Den som ferdast sommarstid i Finnmark vil også i dag kunne sjå merke etter den gamle villreinjakta. Særleg i Varanger og på Finnmarksvidda er det kartlagt veldige anlegg av dyregraver og fangstgardar av ymse typer, og som fortel om organisert jakt i stort omfang. På det låge eidet mellom Varangerbotn og Tanadalen er det såleis tett i tett med fangstgardar, og inne på sjølve Vidda er det ei mengd dyregraver, ofte 10—14 samla på strategiske plassar som smale eide mellom vatn og myrer, eller skard og søkk i lendet der reinen samla seg og trekte over i flokk.

Som alle andre kulturformer har og tamreinkulturen vakse fram litt om senn. Ingen veit sikkert kvar han har opphavet sitt. Det ligg nær å tru at til vårt land kom han med samane, austfrå til Finnmark, og spreidde seg vidare sørover frå der.

Før 1751 var det nokså flytande landegrenser i Nord-Skandinavia, og også mot Russland. I sagatida veit vi at nordmennene kravde skatt heilt til Kvitehavet. I dette området, som nå ofte blir nemnt Sameland, vaks det fram ein felles-samisk kultur der reindrifta vart det sentrale

leddet. Samane skilte seg tidleg i to grupper. Sjøsamane som budde ved kysten, og fjellsamane som heldt til inne på Vidda. Begge hadde reindrift som støttenærings. Men auka norsk busetting på kysten tok litt om senn bort grunnlaget for reindrifta til sjøsamane. Dei vart trengt inn i fjordbotnane, vart bufaste og lærte seg fôrberging og hussdyrbruk. Somme hadde råd til kjørerein, men dei fleste var fatige.

Fjellsamane derimot som hadde rom nok, gjekk over frå halv til full nomadisme, og levde da heilt av tamreindrift med litt fangst og fiske som støtte. Det var heilt naturalhushald. Alt av reinen vart nytta, til mat, klær og reiskap. Kontante pengar betydde lite anna enn til skatten. Formuen vart rekna i rein. Mange fjellsamar var rike, men det var og mange fatige. Striden for tilværet kunne vera hard.

Så naturnær som reindrifta er, er den lett sårbar for katastrofer som menneskemakt ikkje rår over. Både literatur og muntleg overlevering fortel om mange slike hendingar.

I gamal tid var samane kjendt for å vera flinke båtsmedar. Kunsta hadde dei lært av nordmennene. I mange fjordbotnar var det stor furuskog, og det var vel helst sjøsamor som budde her som dreiv båtbygging. I soga om Sigurd Slembe er det fortalt at han rømte nord til Kongsvik i Tjellsundet og heldt seg der om vinteren, og fekk da finnane til å bygge seg to skip.

Fjellsamen var og hag med hendene sine. Men som nomade var han stadig på flytting, og det vart dei nære ting i samband med reindrifta som for han var det viktige. Reiskap, telt, gammel, bruksting og klær sette strenge krav til funksjonalistisk og estetisk fin form og stor styrke. Både kvinner og menn mestra dette fullt ut, og gjer det framleis.

Når vi i dag talar om samisk kultur er det vel særleg den delen som er knytt til reindrifta vi tenker på, og som vi møter på museum, i literatur og tradisjon. I det pulserande kvardagslivet derimot viskas han meir og meir ut, men framleis kan ein oppleve han heil og ekte i Finnmark når samane møtes til kyrkjehelg, stemne og fest. Lenger sør taper han for norsk mål og levevis.

Det gamle tradisjonsfaste naturalhushaldet er under avvikling. Reindrifta i dag kan like lite som andre landbruksnæringer halde seg utafor det strukturskifte og den utviklinga som skjer i samfunnet. At reindrifta har særstigne vanskar i denne tilpassingsprosessen fell av seg sjøl, og særleg i Finnmark, som er sentret både for samisk reindrift og samisk kultur.

Til alle tider har staten, dvs. dei som rår i samfunnet, prøvt å hjelpe fram næringslivet slik som kvar tid såg det best. Det har skjedd og skjer på ymse vis. I vår tid er forskning, forsøk, fagskolar og godt utbygt rådgivingsteneste av avgjera verdi. Kravet til fag-kunnskap har auka stort, og vil fortsatt auke. Når det gjeld jord- og skogbruk har staten grei målsetting i så måte, og løyver nødvendige midlar for kvar tid. Derimot har staten hittil gjort svært lite for å

bygge ut eit fagleg grunnlag for reindrifta, og enda mindre for å skaffe reinsamane fagleg rådgiving eller rettleiing.

Talet av tenestemenn knytt til jordbruk og reindrift i Finnmark illustrerer forholdet. I alt er det ca. 25 offentlege tenestemenn for jordbruket, dei fleste med høgre landbruksutdanning, og det er tidhøvelege kontor både for landbrukselskap og jordstyre. Reindrifta har 1 lappefogd med assistent. Ingen av desse har fagutdanning i landbruk. I reindriftskontoret i landbruksdepartementet er det heller ingen med landbruksutdanning. Av samtlige som har med reindriftsadministrasjonen å gjera, er det berre 1 mann som har høgre landbruksutdanning. Det er den nye lappefogden i Troms.

To mann, ein veterinær og ein sivilagronom er knytt til reindriftsforskingen, som har kontor i Harstad. Staten har ein forsøkshjord i Lødingen.

Ein kan rekne at samisk reindrift i alt har ca. 160 000 rein, 1 år og eldre. Av dette er det i Finnmark ca. 120 000 rein.

Reinbeiteavtalen med Sverige.

I 1751 vart grensa mellom Norge, Sverige og Finnland endelig fastsett. Før den tid ferdas flytsamane fritt på begge sider av riksgrensa, og svara skatt etter som det høvde. Nord for Tysfjorden kravde både svenskekongen og norskekongen skatt. Det skulle det nå vera slutt på.

Ordninga av reinbeitet vart ikkje tatt inn i grensetraktaten, men i eit tillegg s.k. *kondisill*. Flytsamane måtte velje kva land dei ville vera borgar av, og dit skulle dei skatte. Men framleis skulle dei ha rett til å beite over riksgrensa, som før, slik det var etter gamal sedvane.

Da Sverige måtte gi frå seg Finnland til Russland i 1809, vart det ikkje gjort avtale om reinbeitet, og Finnland, dvs. Russland, var ikkje bunden av kondisullen. I 1852 stengte Russland grensa mellom Norge og Finnland. Finnmarksamane som brukte å flytte til Finnland på vinterbeite kom da i ei lei knipe, og som skapte store vanskar ikkje berre for Finnmark, men også for Troms og Nord-Sverige lang tid framover. Finnmarksamane sökte nå over til Karesuando, og frå der inn i Troms sør for Lyngen.

I 1883 kom det istand felles lappelov for Norge og Sverige. Den var vedtatt for eit tidsrom av 15 år, og i den tida skulle ikkje lappekondisullen gjelde. Denne 15 årsperioden vart frå tid til anna forlenga, og med mindre tillegg stod lova ved lag til juli 1920 da ho vart avløyst av reinbeiteavtalen, eller konvensjonen av 1919.

Ved Karlstadforhandlingane i 1905 var ordninga for flytsamane eit av dei vanskelegaste spørsmål, og det tok heile 14 år før det var utgreidd og konvensjonen av 1919 vedtatt av begge rike.

Denne konvensjonen skulle gjelde i 30 år, og vidare 10 år i kvar periode om han ikkje blir oppsagt av eitt av rika inna ei viss frest

før tida går ut. Blir konvensjonen oppsagt skal kondisillen av 1751 gjelde på ny. Kondisillen kan ikkje seiast opp utan at begge rike er samd i det. Norge måtte gå med på det i 1905.

Ein kan vel trygt sei at Sverige har hatt all vinning og lite av ulempene ved dette gjensidige tilgjenge til å beite over riksgrensa. M.a. gir konvensjonen svenskane rett til å gi særreglar for norsk reindrift i Sverige, og dei har einerett til sommarbeite i dei distrikta i Norge som er omfatta av konvensjonen. Tilsvarande rettar har ikkje vi i Sverige.

Konvensjonen skulle fornyas i 1959. Det vart ikkje semje, og den er nå oppsagt av Norge. Men etter avtale skal den stå ved lag til 1. juli 1966. Og det er oppnemnt ein norsk-svensk reinbeitekommisjon som skal greie ut spørsmålet om samisk reindrift i begge land. Denne utgreiinga skal så danne grunnlaget for forhandlinger om ny reinbeiteavtale.

Vilkår for reindrift.

Grunnlaget for reindrift er at det er beite heile året. Det er ofte å høyre at det må det da vera rikeleg av til mykje meir rein enn det vi har nå. Vi veit lite om det, anna enn for Finnmark. Der har Selskapet for Norges Vel gjort omfattande beitegransking nettopp med tanke på reindrifta. Tilsvarande gransking er nå i gang i Troms. I dei andre fylka er det og gjort beitegransking, men berre for bufe. Supplerande gransking er derfor nødvendig.

Da reinen lever berre av beite må det vera ei viss jamvekt i tilgang på beite til ymse årstider. Er det skort på beite i ein tidfolk hjelp det lite om det er overflod i neste.

Som regel er det vinteren som er den vanskelege tida. Det er ikkje nok at det er vegetasjon som gir vinterbeite. Beitet må vera tilgjengelig. Blir det ulagleg ver kan det beste lavbeitet ise ned på ei natt, eller det kan vera djup snø eller hard skare slik at reinen ikkje greier å grave seg igjennom.

Den tida marka er snødekt og frossen er det einast laven som gir beite. Laven veks vanleg ilag med krekling og dvergbjørk, både i snaufjellet og i skog med slik undervegetasjon. Slik mark har som regel liten og ingen verdi som bufefeite.

Finnmark.

I Finnmark har vi vinterbeita inne på Vidda, og sommarbeita ut mot kysten. Vidda har karrig vegetasjon. Her er svært lite av gras og urter, men dess meir av mygg, knott og brems. Det er derfor lite verande for dyr på Vidda om sommaren. I kystfjella derimot er det grønt beite, havtrekk i lufta og lite åt.

Det urgamle trekkinstinktet hos reinen følgjer årsrytmen, og reindrifta har tatt form av det. I hundreder av år har samane flytta med

reinflokken, ut til kystfjella om våren, og inn over Vidda om hausten. Og det må halde fram slik så lenge reindrifta skal stå ved lag. Men driftsform, og måte å flytte på, vil naturlegvis skifte i takt med utviklinga elles.

Reinsdriftsnæringa i Finnmark er nå inne i ein vanskeleg omstilingsprosess. Det gamle naturalhushaldet passar ikkje i vår moderne velferdstat. Kravet til pengeforsbruket har auka veldig, men produktiviteten i næringa har ikkje følg med. Det skal nå til mange fleire dyr enn før for å skaffe levemåte til familién. Samtidig har talet av familiær som skal leve av reindrift auka stort. Dei fleste har for få rein til å kunne ha skikkeleg levemåte, enda reintalet har auka langt over det som ein meiner beita tåler. Beitinga har og vorte meir og meir konsentrert til dei mest sentrale område. Ein tabell viser auken i reinmengde og av familiær som lever av reindrift.

	Familiær	Personar	Rein i alt	Rein	
				Pr. fam.	Pr. person
1954	273	1150	ca. 94 000	345	8,2
1964	343	1556	» 119 000	347	7,7
Auke	70	406	25 000	+2	÷ 0,5

Av 343 familiær i 1964 var det 190 familiær som hadde mindre enn 200 rein.

For 1963/64 har skatteinspektøren for Finnmark sett opp 7 forskjellige driftsplaner for ein reinflokk på 200 dyr, og berekna bruttoinntekt. Det er forutsett god drift. Høgste inntekt er kr. 11 091,—. Lågaste inntekt er kr. 6 366,—. I praksis må ein nok rekna med lågare tal.

Ei jamnare fordeling av reintalet ville hjelpe dei som har minst. Og staten har da og kvart år ytt store tilskot til kjøp av livrein. Men når beita er alt for sterkt brukta før, må det totale reintalet ned der som slik stønad skal vera til hjelp på lang sikt. Og det er her at største vansken er. Å få dei større reineigarane til å minke flokken er ikkje så ende til.

Troms.

I Troms er det lite av heilårs norsk reindrift. Området nord for Lyngen er sommarbeite for Kautokeino, og sør for Lyngen har svenskane iflg. reinbeiteavtalen rett til sommarbeite for 36 500 rein, 1 år og eldre. Legg ein så til 25 % for kalvar blir det i alt ca. 47 000 svensk rein. Svensk sommarbeite er nå konsentrert til grensestrøka sørover frå Skibotn. Før i tida beitte svenskane mest over heile fastlandet sør for Lyngen, og laven var heilt utbeita. Det var da ikkje grunnlag for norsk reindrift her. Den som var, var på øyane.

Nå har laven grodd bra til att i dei distrikta som svenskane gav slipp på, og i seinare år har samar frå Finnmark flytta til Troms, og fleire vil flytte. Troms har svært gode og store sommarbeite, men ikkje tilsvarande av vinterbeite. Største og sirkreste vinterlandet er og langs riksgrensa, der svenskane har sommarbeite. Laven er derfor utsett for stor ferdsel attåt beiting. Den er sterkt nedsliti overalt.

I 1963 fastsette departementet ny distriktsinndeling for norsk rein-drift i Troms. Anslagsvis er det rekna at det skal vera heilårsbeite til ca. 30 000 rein. Det er eit reint skjønnstal. Med den vanlege driftsmåte som blir praktisert nå, er talet etter mitt syn altfor stort. Ein annan ting er om reindrifta kunne koma på jamt med dei andre landbruks-næringer m.o.t. driftsplanlegging, fagkunnskap, rådgivingstenest og prøvedrift. Utan det er eg redd for at oppspara lavbeite, som det ikkje er så lite av, vil vera oppete på nokså kort tid. Lavmark som blir snaugnage har nemleg svært liten årleg gjenvekst. Årleg massetil-vekst er truleg nokså proporsjonal med mengden av levande masse.

Når finnmarksamane pressar så på for å få flytte inn i Troms, er årsaka den at det er for trangt i Finnmark. Det er for mange som skal leve av reindrift, og beita er for hardt brukta. Flytter noen ut skulle økonomien bli betre for alle. For ei kort stund vil det vel verke slik, men trykket vil fort jamne seg ut att, dersom ikkje dei unge vil og kan gå over i andre yrke.

I Troms er det fare for at vi kan få tilsvarande utvikling som den vi har hatt i Finnmark. Det bør og kan hindrast, men det krevst da analyse av ressursane, planlegging på lang sikt, fagleg rådgiving og økonomisk støtte. Det burde vera ei ønskeoppgave å ta fatt på for Landbruksøkonomisk Institutt, dersom det da ikkje avgrensar opp-gavene sine berre til jord- og skogbruk.

Nordland.

Nordland har veldige vidder med godt beite, men her som i Troms er det vintertida som er vanskeleg. Verlaget skifter så fort mellom mildver med nedbør og frost etterpå. Da isar fjellet. Sirkreste lav-beitet er ved kysten, men areala er relativt små og har liten samanheng. Kystfjella er og mykje kuperte, ulendte og oppdelt av fjordar og djupe dalar. Så det er tungt lende å drive i.

Før krigen var det vanleg med vinterflytting ut til kysten, eller andre flytte til Sverige. Frå Saltfjellet og Sulitjelma er det framleis fast flytting til Sverige med mindre flokkar. Men elles er det nå lite av lange og årvisse flyttingar i Nordland. Reinen beiter stort sett i same området heile året. Det er og så lite rein at i dei fleste vintrar går det bra. Men ein uvinter kan ødeleggje for år framover. Det har vore fleire slike i seinare tid, men heldigvis ikkje over store område samtidig.

Det er nå i alt ca. 12 000 norsk rein i Nordland + ca. 30 000 svensk

rein på sommarbeite. Det er beite til mange fleir. Kor mange blir berre gjetning så lenge ein ikkje har kjennskap til mengde og kvalitet av vinterbeita.

I mange distrikt er det så å seie fritt for rein. Det er lita rekruttering til yrket. Ungdomen går over i andre yrke som gir lettare og betre levemåte. Ein viktig årsak til flukta frå fjellet er og at det er mest uråd for ein ung same å skaffe seg kapital til å koma i gang. Dei fleste reinsamar i Nordland i dag er eldre folk som ikkje har økonomisk evne til å betale nødvendig arbeidshjelp, korkje til eigen familie eller leigde folk.

I Nord-Trøndelag er forholdet omlag som i Nordland, men det er truleg noe sikrare med vinterbeite. Også her er det flukt frå yrket. Det har vore, og er lett om arbeid og god betaling på anlegg, i industri og i skogen.

Men det er mange andre faktorar enn dei her nemnde som har verka til at reindrifta står så svakt. I den samanheng ligg det da nær å minnast den tragiske ulykka som hendte i Rana sommaren 1948. Ein buss med samar frå Helgeland og Nord-Trøndelag, på heimtur frå landsmøte i reinsameforeninga, kjørte ut i Ranaelva og 16 drukna. Det var av dei fremste kvinnor og menn mellom samane. Eit slikt daudhogg i ei så vidt lita yrkesgruppe måtte få følgjer. I 1962 kom det eit hogg til. Unge Jakob Derga og frue, som det var sett så store voner til, drukna i Skjekervatnet i Snåsa.

Ein ting som og bør nemnast er den ekspansjonen som har skjedd i jordbruk, kraftutbygging, samferdsel og friluftsliv. Det har tatt land frå reinsamane, og elles verka til ulempe på mange vis. Krav om vederlag er oftast avvist, eller betalt med så lite at det er skamleg, sjøl om det er hederlege unnatak. Det har visst enda ikkje hendt at ein reinsame er oppnemnt som skjønnsmann ved vassdragsregulering.

Slutning.

Det bildet eg her har gitt av samisk reindrift vil for mange sikkert verke dystert, og kanskje skape tvil om næringa i seg sjøl har styrke nok til å tilpasse seg det industrialiserte samfunnet som nå veks fram.

Nå er det gjerne slik at det er det veike som lettast kjem til syn. Det sterke kan ligge dult og latent, men det er der. I hundreder av år har reinsamene greidd seg med det fjellet kunne gi, og likevel skapt ein kultur som står fullt på jamt med det beste i norsk kultur elles. Som mindretals folkegruppe har dei ofte måttå tale overgrep og diskriminering. Dei har lært seg å tåle, og å fare stilt med krav om å få sin del av samfunnsgodene.

Det synest nå å gå opp for fleir og fleir av oss andre at samfunnet har skyldnad til å bøte for urett som er gjort, og å ta igjen det som er forsømt gjort. Blir det realitet, og samisk reindrift stilt på jamt med dei andre greiner av landbruket, økonomisk, fagleg og sosialt, vil yrkesutøvarane nok halde mål. Dei er av sterkt ætt.